

ESTETIKK I BARNEHAGEN 2011/2012.

”Mennesker kan synge, i alle tonearter av menneskelig mangfold. Noen danser, noen skriver, noen maler, noen former, noen leker, noen lærer, noen leser, noen leter – hvert menneske på sin måte. Slik meningen er fra begynnelsen av, når barn blir født inn i verden. Syng din sang! Det handler om tilgang til eget liv med egen stemme – som hver enkelts mulighet og utfordring. Bare slik blir verden til.”

Jon-Roar Bjørkvold.

Estetikk er viktig inn i all læring i barnehagen og kan relaterast til alle fagområda som er beskrive i rammeplanen. Estetikk kan opne opp for sansing og følelsar, formidle og skape ny erkjenning og forståing for barna. Vaksenrolla og deira kunnskap i faget og formidlingsevne er avgjerande for barna. Barn er spontane, leikande, nysgjerrige, undrande, utforskande og lære heile dagen i samspel med sine omgivadar. Noko av bakgrunnen for denne enorme læringsinnsatsen er at små barn kan synge, danse, teikne, leike seg fram til ein meir heilskaps forståing av sin verden. Barna bruker dei media dei har for å utforske den verden dei lever i.



”Begrepet estetikk kommer av det greske ordet ”aisthesis” som betyr ”oppfattelse ved hjelp av sansene” Med dette antyda filosofane i det antikke Grekenland at “estetikken gav en annen kunnskap enn den en fikk ved å bruke intellektet” (Haabesland, 2010:237). Estetikk kan oversettes med ”følelser” og ”sansing”. Det er ein heilskap som

inkluderar både kropp, tankar og kjensler. Sentralt er korleis vi bruker sansane vi har i ulike samanhengar via følelsar, syn, hørsel, smak og lukt. Desse inntrykka kan gi oss kjensle og impulsar som gjer oss glade, rolige, sinte eller skremte. Små barn er estetikarar og vil vite korleis ting er i seg sjølv. Dei undersøker tingen for tingens eiga skuld, med hovudhensikt å finne ut av noko. Barna oppdagar, eksperimenterer og erfarer. Vi vil jobbe som om den estetiske oppdragelsen er pedagogikkens ”hovedgeskjeft”. Estetiske aktivitetar og erfaringar kan ivareta og utvikle det leikande, handlande, følande og tenkande mennesket som erkjenner og lærar.

ESTETIKK I EIN LEIKANDE TILNÆRMING TIL VERDA

Dei aller fleste barn liker å samle med seg små ting frå naturen når dei er på tur som dei kan undersøkje og klassifiserar i ettertid. Småting i naturen engasjerar den estetiske sansen. Det kan vere ein stein som ser ut som gull, eller noko som glitrar. Det er viktig å gje barna tillit til eigne kjensler, tankar og idear omkring denne steinen. Slik at dei sjølv kan utrykke sine inntrykk gjennom sine uttrykk.

Sansar og fornuft er ”aktiv på same tid”. Det blir eit harmonisk samspel i det estetiske. Derfor er leiken ein metode vi vil bruke i arbeid med det estetiske. Når barnet begynner å bli estetisk aktiv og begynner å leike, skjer det ein mental omvelting. Barna får ein fridom, dei vert glade for sjølv å kunne styre situasjonen. Dei eksperimenterer og skaper ny forståing.

LÆRINGSEFFEKT

Det er viktig å legitimere kjenslene som likeverdige til intelligensen. Sansesystemet må vere til stades når vi møter utfordringar, kunnskap og erfaringar. Ein estetisk livsform går i



hovudsak ut på å vere open for det inntrykka har å fortelje. Kjensler har ein kognitiv funksjon i samband med estetiske erfaringar, og det skjer ei læring gjennom forståinga av opplevingane. Den estetiske erfaringa består av to sider – ei kognitiv og ei assosiativ. Assosiasjonar kan sjåast i samband med det emosjonelle i vår hukommelse og knytast opp mot

estetiske erfaringar, estetisk erfaring er dermed eit sterkare bodskap enn kognitiv erfaring.

Barna kan leggje merke til detaljer som dei assosierer med noko anna. Vi kan dele deira glede over det som blir oppdaga. Det kan den vaksne gjere ved å undre seg stille i lag med barnet.



VAKSENROLLA

Den vaksne kan arbeida med å bli overraska og nysgjerrig i lag med barnet. På tur kan den vaksne stoppe opp for å sjå på marken i vegkanten som barna har oppdaga. Gjennom å observere barnets kroppsspråk, kan den vaksne dele barnet sin estetiske oppleving og styrke sjølvbilete. Menneskekroppen veit og forstår før tanken og orda kjem.

Dei vaksne bør la barna få den tida dei treng til å bli kjent med, oppdage og undersøke estetiske element i sitt eige tempo og på sin eigen måte. Vi må våge å sitje roleg i lag med barna og observere barnas uttrykk. Inspirasjon til kreative handlingar vekkes til live gjennom ein tilstand av konsentrasjon, tid og ro.

Som vaksen i barnehagen har vi stor makt og påverknad på barn og organisering av kvardagen. Med pedagogisk dokumentasjon som verktøy ønskjer vi at barn og vaksne lærer i saman. Personalet må vera opne for barna sine signal, observere, sanse og reflektere.

REFLEKSJON

Refleksjon er ettertanke og sjølvrefleksjon. Vi må reflektere saman over hendingar og leggje refleksjonar til grunn når vi ønskjer å utfordre barnas tankar. Det er refleksjonen som gjer grunnlaget for utviklinga av arbeidet og ein reflekterande holdning til eigen praksis. Vi må fokusere på viktigheita av refleksjon saman med barna, og korleis vi kan tenke framover i forhold til planlegging ut frå barnas ytringar. Refleksjon er ikkje sanningar, men heller stadig pågåande tankeprosessar.

BARNS PREMISSER

Barns premisser handlar om at barn får lov til å være barn, være leikande, impulsive og møte verden med eit opent sinn. Som vaksen må vi streve etter å møte barna der dei er. Vise respekt

for barnet sin aktivitet og tanke. Gje barnet tid til å utforske, prøve sjølv, eksperimentere og utvikle seg i eige tempo. Samtale med innleving og engasjement.

Barns premissar handlar ikkje om at vi vaksne skal overlate ansvaret til barna, eller at alle barn skal få gjera som dei vil. Det vil alltid finnes grenser for kva som er akseptabelt. Det er alltid den vaksne som har ansvar og må sjå til at barna har eit fint samspel.

For å møte barna på deira premissar kan vi vaksne løfte fram kvar enkelt barn sine evner og ulikskap som vidare kan bli drivkraft for læring. Lytte til barna sine refleksjonar og bruke deira tankar som utgangspunkt for vidare arbeid. Finne ut kva barna er nysgjerrige på. Vi kan bruke barna sine spørsmål som utgangspunkt for vidare arbeid for å skape nysgjerrige barn og iver. Å tenke i saman med barna er å ta barna på alvor og jobbe på barnas premisser. Dei ideane barna gir oss som refleksjonspartnarar, kan vi overføre til pedagogikk og til oppgåver som utfordrar barna som gruppe og som enkeltindivid i læring. Vi kan løfte fram barnas eigne forslag til løysningar. Oppmuntre barna til å bruke kvarandre sine idear og forslag. Stille spørsmål som ikkje gir ferdige svar, men som hjelper barna til å tenke vidare sjølv og i saman med vennene sine.

Barn har ulik kompetanse og erfaring, og har rett til å bli møtt av vaksne som forstår den enkelte. Barn og vaksne kan vera ressurs for kvarandre. Vera nysgjerrige på kvarandre og oppdage løysingar i saman. Vi har bruk for kvarandre for å kunne forhandle fram nye forståingar og val for barnehagen. Det er denne gjensidige samhandlinga som gjer oss til menneskjer. Forståing er noko vi skaper i saman, i språket og i våre andre uttrykksformer.

ESTETIKK

Estetikk er å vera open for det inntrykka rundt oss har å fortelje. Bruke alle sansane vi har. Danning gjennom det estetiske skjerper sansane og opnar for at barna kan foreta sjølvstendige val, vera kreative og tenke nytt. Til glede for seg sjølv og sine venner. Gjennom det estetiske kan ein koma i kontakt med sine skjulte eigenskap og oppnå sjølvverkjenning. Det er viktig at alle får utvikle sin ”selvaktelse” som inneber tillit til eigne kjensler, tankar og idear, og utrykke dette overfor andre på ein akseptabel måte.

Undring er ein føresetnad for intellektuell vekst og sjølvstendig handling og tenking. Undring har barna i seg frå dei er små. Observasjonar skaper undring, undringa finner etter kvart ord og blir til spørsmål. Barn sine spørsmål kan være spontane og kjem heilt uventa.

Leik med estetiske fag- leik med initiativ, fantasi og engasjement. Barna skal undre seg og stille spørsmål, søkje opplevingar og gjer erfaringar på eigne læringsområde. Barna skal få uttrykke seg i ulike situasjonar og material.

Leiken er vår største mulighet, den er spontan, formålslaus, vill, irrasjonell, farlig og kreativ. I leiken skaper barna orden, og knytte seg til det verkelege livet på ein positiv måte. Barnet opplever fridom i leiken. Med leiken som utgangspunkt er grunnlaget for skapande aktivitet lagt. Impulsen står sentralt fordi den er drivkrafta i einkvar uttrykkshandling (handlingsimpuls). Som vaksne må vi være lydhøre for kva impulsar barna sender ut og kva dei er opptekne av. Vi må gi barna impulsar via litteratur, turar, dramatisering osv.. Vi må arbeide med fire områder:

1. Sansing. Hjelpe barna å sjå, lytte, høyra, føle, oppleve rørsle, osv. Lære å stole på sin eigen



sansing og oppleve nyansar i dagleglivet.

2. Indre bilete og fantasi. Det er den enkelte sine opplevingar som er grunnlaget for fantasien og moglegheita til å skape indre bilete. Å fantasere betyr å gjer synleg. Tidlegare sanseopplevingar er råstoff for fantasien. Fantasien opnar opp for det ukjente og uventa, og bringer nytt stoff til den logiske erkjening.

3. Media, dei forskjellige estetiske

områda sine material og uttrykksmidlar. Barna må få lære å beherske material og uttrykksmidlar. Bli kjent med eigenskapar til ulike material og motstanden i dei.

4. Handverk og teknikk. Vaksne må lære barna å bruke reiskap, lage lyd, musikk, song, dramatisere og kle oss ut.

Arbeidsformene må støtte det nysgjerrige, kreative og lærevillige hos barna. Samtalen er viktig i relasjonen og aktiviteten med barna.

Gode opplevingar, erfaringar og læring innan estetiske fag i barnehagen kan gi barna eit positivt forhold til faget og motivasjon til å lære meir. Oppleve glede og meistring. Samhandle positivt med andre barn og skape vennskap.



PLAN FOR 2011 / 2012.

Md.	Mål	Tiltak	Resultat
August	<p>Bli kjent med barn, voksne, rom, rutinar.</p> <p>Tema: Vennskap, sosial kompetanse.</p> <p>Impulsar</p>	<p>Leik inne og ute.</p> <p>Tur i nærmiljøet.</p> <p>Song og lesing.</p> <p>Gode måltid og rutinesituasjonar</p> <p>Vaksne som er sensitive og reflekterte.</p>	<p>Tryggleik</p> <p>Vennskap</p> <p>Her er det godt å vera.</p>
September	<p>Glede og leik</p> <p>Bli kjent i nærmiljøet</p> <p>Kva er estetiske opplevingar i små barns liv?</p> <p>Kva legg barna merke til, kva ser dei, høyre dei og lukter dei? Kva er barna interessert i?</p>	<p>Synge songar og danse.</p> <p>Gå på tur og sjå kor barna bur.</p> <p>Finne gylne augeblikk, ta bilete av dei og skrive ned kva som førte til at du blei berørt.</p>	<p>Lære songar</p> <p>Barna får oppleve, sans og føle.</p> <p>Bli kjent med barna og finne ut kva den enkelte er interessert i, for så å kunne bidra positivt i relasjon til barnet og bidra med nye impulsar.</p>
Oktober	<p>Naturen som arena.</p> <p>Sansestimulering.</p> <p>Kroppen.</p>	<p>Ut på tur. Sjå, lytte, føle, springe, leike og undre oss i lag.</p> <p>Forme med naturmaterial.</p> <p>Dokumentere det barna er opptekne av, reflektere omkring</p>	<p>Bli bevisst sansane våre og kva vi lærer ved å sans og utforske ulike material i naturen.</p> <p>Refleksjon og erkjenning som fører til læring.</p>

		det og gi impulsar.	
November	Leik Prøve ut ulike måtar å forholde seg til situasjonar på. Kreativitet – nye element tilføres leiken. Bli berørt.	Opplive glede og spenning. Utforske inntrykk og opplevingar Eksperimentere med ulike material og leker. Utstyr til å kle seg ut med	Barna får estetiske opplevingar og erfaringar i leiken. Kan gå inn i ulike roller. Læring.
Desember	Advent og juleførebuingar. Vi har tid til å tenke og filosofere omkring julas budskap. Spenning og overraskingar. Sansar : Smak/lukt	Lese bøker, Jule forteljingar. Lage ulike estetiske uttrykk i ulike material. Motivere og inspirere til fantasi og skaparglede. Skape ro, forventning og glede. Smake på ulike julemat.	Bli kjent med norske juletradisjonar og jule evangeliet. Kjenne på at vi har tid for kvarandre. Utvikle evna til å bearbeide og kommunisere inntrykk og gi varierte uttrykk gjennom skapande verksemd.
Januar	Sansar: Syn.	Barna/dei vaksne tar bilete. Ser på bileta (farger, former) og lager tekster til bileta. Tilgang til bøker.	Ser kva barna er opptatt av, kva dei synes er fint og interessant. Barna får bileta med tekst og lære at det dei gjør har verdi. Dokumentasjon
Februar	Sansar: Hørsel.	Kva høyre vi? Kva oppfattar vi? Lytte til lyder.	Sensitive barn og vaksne som lyttar til stillheten, til bråk, til

		<p>Musikk, dans og drama.</p> <p>Tilgang til instrument.</p>	<p>regn, til stoler, til samtale og song.</p> <p>Lære å lytte, observere og uttrykke seg.</p>
Mars	<p>Sansar: følelsar.</p> <p>Vi kan gje barna varme og omsorg.</p> <p>Barna kan huske ettervarmen når de blir store.</p>	<p>Kjenne på varmt / kaldt. Ein varm stein og ettervarmen som sitter i lenge.</p> <p>Hardt / mjukt.</p> <p>Blaut / tørt.</p> <p>Lage hjerter med gode ord til alle.</p>	<p>Lære om omsorg og varme som vi kan gi kvarandre.</p> <p>Respekt</p> <p>Vennskap</p> <p>Gode klapp på skuldaren og ein klem.</p>
April	<p>Fantasi</p> <p>Kreativitet</p>	<p>Barna får utvikle sin skaperevne i leik og ulike material.</p> <p>Skape tekst, dikt og fantasere.</p> <p>Skape skodespill og vera kreativ.</p> <p>Så blomster og grønsaker.</p>	<p>Eg er den eg er, lager det eg synes er fint og får til. Eg tar omsyn og viser respekt.</p> <p>Barnet tenker og opplever skaparglede.</p> <p>Styrke det personlige uttrykket hos barnet</p>
Mai	<p>Estetikk- Bli berørt av naturens liv som spirer og gror fram.</p>	<p>Tur i skog og mark,</p> <p>Bruke sansane: oppleve, erkjenne og bli berørt.</p> <p>Sjå på lam, ta på, lukte på og føle varmen, ulla mot huda.</p>	<p>Læring via sansar til erkjenning og forståing.</p> <p>Bli begeistra - glad.</p> <p>Få lyst på livet og evna til å meistra det.</p>
Juni	<p>Leik og livsutfolding.</p> <p>Ta inn over oss</p>	<p>Turar i skog og mark.</p> <p>Leik med vann</p>	<p>Barn vekse i kunnskap og uttrykk.</p>

	sommarens ”skjønnhet” Glede og song.	Leik med blomster Leik utan sko og sokkar i sanden. Male ute. Ballonger med vann Sommarleik	Kjenslemessig oppleving. Eg meistrar livet og er trygg og glad.
Juli	”Livet er herleg	Livet er bra	Eg har jo grunn til å være glad.”

GRIP DAGEN!

Det er nå
du kan gripe dagen.

Det er nå
den dekker bord for deg.

Om et øyeblikk
duker den av og blir i går.

Det er nå
du er invitert til å ta dagen i favn som en dyrebar gjest.

Ragnhild Bakke Waale

Tida di: Vi tror at tida går og kommer og kommer og går. Men tida venter. Den venter som en tom strandstol ved soloppgang. Innta stolen og len deg tilbake i deg sjølv. Ta tak i tida di før den tidvisst tikker ut i horisontene. (Ragnhild Bakke Waale.)

Personalet i Lyefjell barnehage
v.Berit Time Bø.
juni 2011.